



Torsdag 3. oktober 2013: Møte om den rettshistoriske utviklinga for uægte børn/ lausungar frå Olav Sletto si tid til våre dagar. Forelesar: Prof. Jørn Øyrehagen Sunde, UiB. I fem kvarter held JØS på, utan å bruke eitt faguttrykk! Han lyfta kunnskapen vår på området mange hakk – gratis! TAKK!







Kåre Gåsbakk (t.v.): «Sjå godt på meg, for slik ser ein lausunge ut». Han delte ei lys barndomshistorie frå 1960-talet med forsamlinga. Ikkje alle var så heldige..

Det vart travelt for forelesaren i pausa, for då ville folk snakke med han om dei til dels sjokkerande opplysingane han kom med, t.d. at dei ugifte tenestjentene ofte tok livet av den nyfødde i rein fortviling (dølgsmål).

Dei samfunnsmessige tilhøva og lovene var innretta på straff - for å betre jentene sin moral, men oppnådde det motsette: Tenestjentene vart den gruppa i samfunnet som hadde den største andelen av morderar! Uintendert! Dette var situasjonen fram til 1892, då den fyrste loven kom, som betra tilhøva for mor og barn, og som ansvarleggjorde fedrene. Men det var fyrst med De Castbergske barnelover av 1915 revolusjonen innen feltet kom, for då fekk lausungar same rett til farsarven og faren sitt namn som ektefødde ungar.

Velferdsprosjektet etter krigen styrkte mor og barn-rettane og far sitt ansvar - især frå 1970-talet. Det er eit resultat av m.a. kvinnekampen på 70-talet.

Moralen er at straff ingenting hjelper for å betre moralen blant folk. Tvert om: Tala på mord auka med hardare straffetiltak. Det var betring i levkåra som skulle til. Det var konklusjonen til Eilert Sundt på 1850-talet, også! I dag er lausunge eit utdatert begrep, men mykje urett og skam har tausene og tausungane måtta leva med i bygdene, avslutta Osvald Medhus, som syns det var vondt tenke på dette.

Men skuld ikkje på samfunnsinstitusjonane (som kyrkja), sa Øyrehagen Sunde, rett blikket mot deg sjølv og sjå kva val du gjere i kvardagen.